



Anleggsgartner Jan Erik Sandal AS ynskjer innspel til klima- og miljøarbeidet

Anleggsgartner Jan Erik Sandal AS skal bidra til eit meir bærekraftig samfunn, og vi tek difor ansvar for vår miljøpåverknad. Ein viktig del av arbeidet er å vere Miljøfyrtårn-sertifisert. Det betyr at vi har etablert eit *miljøleiingssystem*, som styrer klima- og miljøarbeidet og hjelper oss med kontinuerleg forbetring. Sertifiseringa inneheld også konkrete krav som må oppfyllest innan *arbeidsmiljø, avfall/ombruk, energi, innkjøp og transport*. Kvart år innrapporterer vi tal for våre aktivitetar, som resulterer i eit klimarekneskap, og også resultat og statistikk. Denne informasjonen gir god oversikt over framgang og forbetringspotensial, og vert gjort offentleg tilgjengeleg.

Ein del av Miljøfyrtårn-sertifiseringa handlar om samspelet mellom verksemda og samfunnet. Derfor inviterer vi kundar, samarbeidspartnarar og andre interessentar til å gi innspel om korleis klima- og miljøpåverknaden av våre varer/tenester kan forbetrast. Innspela gir oss nyttig innsyn i kva for forventingar de har til Anleggsgartner Jan Erik Sandal AS i åra framover.

Planar for klima- og miljøarbeidet

I Anleggsgartner Jan Erik Sandal AS tek vi utfordringane samfunnet står overfor på alvor, og vil arbeider for å ta bærekraftige val i alt vi gjer. Vi er opptekne av at bærekraft ikkje skal vere berre ord på papiret, men at arbeidet med bærekraft skal gje målbare resultat samt meirverdi både for selskapet, våre arbeidstakarar og våre samarbeidspartnarar. For å systematisere arbeidet vårt med bærekraft skal vi løpet av første kvartal 2024 bli Miljøfyrtårnsertifisert.

Våre bærekraftsmål er forankra i FN sine bærekraftsmål, som tek omsyn til dei tre bærekraftspilarane sosiale, økonomiske og miljømessige forhold.

Vi tek ekstra omsyn til følgande bærekraftsmål:



Klimagassutslepp

- Vi skal nytte kortreiste materialar der dette let seg gjere.
- Innan 2030 skal vår maskinpark og våre bilar gå på fossilfritt drivstoff, og innan 2050 skal dei vere heilt utsleppsfrie.
- For å unngå unødvendig transport skal vi jobbe med varelogistikken.
- Det skal innførast betre rutinar for å halde kontroll på verktøy og utstyr, for å unngå svinn.





Miljøfyrtårn®



Materialeffektivitet og ombruk

Avfall

- Vi skal nytte ombrukte materialar der det let seg gjere.
- Materialar skal bestillast etter behov for å unngå restar.
- Etablere rutinar for å minimere kapp.
- Avfall skal kjeldesorteras ute på anlegg og på eige lager, for deretter å bli levert til godkjent avfallsstasjon/deponi



Menneska

- Verne om arbeidarrettar og fremje eit trygt og sikkert arbeidsmiljø for alle arbeidstakarar
- Arbeide for eit inkluderande arbeidsmiljø med lik lønn for likt arbeid.

Har de innspel til korleis klima- og miljøpåverknaden av varer/tenester kan bli betre hos Anleggsgartnar Jan Erik Sandal AS?

Send forslag til info@jesandal.no

Vi ser fram til å jobbe saman for å skape eit meir bærekraftig samfunn,

Med venleg helsing

SANDAL

Anleggsgartnar Jan Erik Sandal AS

